

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.09.2017

Marthe Hammer (SV) sette på vegner av SV, A, KrF og Sp fram slikt forslag:

«Alternativt forslag:

1. Fylkesrådmannen vert beden om å leggje fram ein ny utgreiing av eigenregi til utval for miljø og samferdsel (MISA). Den nye utgreiinga må vise korleis eigenregikonsernet skal sjå ut, korleis rollefordelinga, pengestraum, tryggleiks- og leverandøransvar kan organiserast eintydig og i samsvar med selskapsrett og jernbanelovgivning, og korleis protokollar og vedtekter kan utformast. I arbeidet bør det verte trekt på gode erfaringar frå organiseringa av trikk og T-bane i Sporveien i Oslo, og ein bør engasjere utgreiarar med erfaring frå og kunnskap om skinnegåande transport. Utgreiinga må også vise kva dei økonomiske konsekvensane ein slik modell fører med seg.
2. MISA ønskjer ei orientering i neste møte der direktør i Oslo Sporveier kan orientere om Oslo sine erfaringar og kvifor Oslo valde å gå vidare med drift i eigen regi.»

Røysting

Hammer sitt forslag fekk 9 røyster (SV, A, Sp, KrF, MDG) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Fylkesrådmannen sitt forslag fekk 6 røyster (H, Frp, V) og fall.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesrådmannen vert beden om å leggje fram ein ny utgreiing av eigenregi til utval for miljø og samferdsel (MISA). Den nye utgreiinga må vise korleis eigenregikonsernet skal sjå ut, korleis rollefordelinga, pengestraum, tryggleiks- og leverandøransvar kan organiserast eintydig og i samsvar med selskapsrett og jernbanelovgivning, og korleis protokollar og vedtekter kan utformast. I arbeidet bør det verte trekt på gode erfaringar frå organiseringa av trikk og T-bane i Sporveien i Oslo, og ein bør engasjere utgreiarar med erfaring frå og kunnskap om skinnegåande transport. Utgreiinga må også vise kva dei økonomiske konsekvensane ein slik modell fører med seg.
2. MISA ønskjer ei orientering i neste møte der direktør i Oslo Sporveier kan orientere om Oslo sine erfaringar og kvifor Oslo valde å gå vidare med drift i eigen regi.